

Søknadsskjema for elevplass ved Ørskog kulturskule.

Søknadsfrist er 1. april - 2014

Denne søknaden vert å sende:

Ørskog kulturskule,
Rådhuset
6240 Ørskog

Søknaden kan leverast på rådhuset, på ein av skulane eller til ein av barnehagane.

Denne foldaren inneheld på side 2 informasjon om kulturskulen.
Ei beskriving av ulike tilbod finn ein på side 4.

Side 3 er søknad om elevplass.

Utfyllande opplysningar til søknaden kan skrivast her:

VIKTIG:

I budsjettvedtaket for 2014 fekk kulturskulen eit kutt på ca. 20% av nettoramma. Dette får konsekvensar for elevopptaket. Det får også konsekvensar for kva for tilbod Ørskog kultuskule kan tilby frå hausten 2014.

Ut frå dette er det viktig at dersom ein har eit alternativ til førstevalet, så marker dette i søknadsskjemaet ved å prioritere dei ulike vala med tal.

Opplysningar om kulturskulen

Om kulturskulen.

Ørskog kulturskule vart oppretta i 1994 som ein tradisjonell musikkskule. Etter kvart har vi utvikla oss til å ha eit mangfald av aktivitetar og tilbod. Dei siste åra har vi hatt stabile lærarkrefter og vi har stabilisert oss på i overkant av 100 elevar med hovudvekt på aldersgruppa frå 6-16 år.

Undervisningsrom og lærekrefter:

Største utfordringa vår er å ha tilgang til gode og tenlege lokalitetar og ha tilgang til kompetanse. Vi er i dag lokalisert til Sjøholt skule og ser det som ei god løysing. Utfordringa vår er at Sjøholt skule vert meir og meir nytta både på dag, ettermiddag og helger slik at vi ikkje alltid kan drive så mykje samtidig undervisning som vi kunne ønskje.

Når det gjeld lærekrefter så er i praksis alle lærarar i kulturskulen i delstillingar. Nokre har andre oppgåver i Ørskog kommune, andre har berre små stillingsdelar i vår kulturskule og resten av stillinga i andre kulturskular eller anna verksemder. Dette fører også med seg for oss at vi ikkje alltid kan gje tilboda våre til dei tidene brukarane våre ønskjer, og heller ikkje alltid i dei lokalitetane vi meiner elevar og lærarar fortener.

Det er også slik at sjølv om vi ønskjer å setje i gang eit tilbod, så kan det vise seg at det det t.d. ikkje er nok interesserte eller at vi ikkje klarar å finne kvalifiserte lærarar eller lokalitetar for oppgåvene. Difor er det viktig at ein på søknaden gjev ei prioritering av ønskja.

Prioritering av ønskje:

Angje med nummerering på søknadsskjemaet korleis du ønskjer prioriteringa di.

Individuelt tilbod eller gruppertilbod.

Vi skil mellom tilbod som er retta individuelt mot eleven og mot eit gruppertilbod. Eit gruppertilbod tek meir omsyn til gruppa enn eit individuelt tilbod. (Merk: eit individuelt tilbod betyr ikkje at ein nødvendigvis er aleine med lærar!) For å ta del i eit gruppertilbod er det viktigaste kriteriet at ein fyller dei vilkåra som er sett, t.d. alder. Tidspunkt for eit gruppertilbod er avhengig av tilgang på lokale, lærarar og majoriteten av den gruppa som skal ha tilboden. Når det gjeld individuelt tilpassa undervisning strekk vi oss langt for at undervisninga skal tilpassast eleven sitt behov. Dette gjeld både fagleg prosesjon, tid for undervisning og den ramma undervisninga er sett inn i. Dersom ein ikkje får elevplass til eit individuelt tilpassa tilbod vert ein sett på ei venteliste. Det er alder som er hovudkriteriet for opptak.

Venteliste.

Det vert sett opp ei prioritert venteliste. Når det vert ledig plass vert den øverste på lista tilbuds plass.

Elevbetaling

Satsane er fastsett av Ørskog kommunestyre i "betalingsregulativet." Elevar som sluttar i løpet av semestret må rekne med å betale for heile semestret. Elevar bind seg for eit semester om gongen, men vi praktiserer ei kortare "prøvetid" for nye elevar. Særskild innkjøpt undervisningsmateriell går normalt ikkje inn i betalingssatsen men blir fakturert brukaren. Dette undervisningsmateriellet vil i neste omgang bli eleven sin eigendom.

Konsertar, utstillingar og forestillingar

Kvart år har vi eigne arrangement for elevane våre. I tillegg deltek vi på andre konsertar og tilstellingar i kommunen.

Kva krav set vi til eleven?

Vi ønskjer å vere med å stimulere eleven til å finne den eller dei aktivitetane som passar til han eller henne. Vi finn det difor naturleg at eleven har lyst til og har interesse for det tilbodet eleven er med på. Interesserte elevar ønskjer å gjere ein eigeninnsats, men av og til må eleven hjelpast over ei "kneik." I slike høve må også føresette vere aktive og motevere eleven til innsats.

Vi set krav til orden og åtferd. Handling som fører til at undervisninga vert skadelidande kan føre til bortvising. Ved handlingar som fører til øydelegging av utstyr kan det vere aktuelt med erstatningskrav. Vi vil også ha melding om eleven er forhindra i å møte. Vi vil drive ein skule og vi vil med det ha dei forpliktingane eit godt undervisningstilbod krev.

Kva krav kan brukaren setje til kulturskulen?

Ut frå dei ressursane vi har til rådvelde skal Ørskog kulturskule gje undervisning og yte tenester. Ved å vende seg til kulturskulen skal brukaren kunne få hjelp og svar på spørsmål som vedkjem brukaren. Brukaren skal ha ein plan som viser når undervisning finn stad. Til vanleg er dette eit fast oppmøte kvar veke. Dersom det vert endringar plikter kulturskulen å gje varsel om dette på førehand dersom det er mogleg. Kulturskulen kan også avlyse inntil to frammøter pr. semester utan at det vil få verknad for foreldrebetaling. Avlyste frammøte kan bli erstatta av at undervisning blir tatt igjen ved eit seinare høve. I periodar kan det vere større aktivitet enn elles. Det kan då vere aktuelt å gjennomføre ei form for avspasering. Elevane vil få skriftleg melding i god tid dersom dette er aktuelt.

Spørsmål til kulturskulen

Svar på spørsmål kan ein få ved å vende seg til Ørskog kulturskule, v/ rektor Gaute Aamlid, tel. 70 27 39 79 eller 906 58 586.

Ein kan også nytte e-post:

kulturskulen@orskog.kommune.no

ØRSKOG KULTURSKULE

- SØKNAD OM OPPTAK -

SØKNADSFRIST 1. april 2014

Søkjaren:

Etternavn: _____

Fornavn: _____

Fødselsdato: _____

Skule: _____

Klasse (haust 2014) _____

Er eleven med i skulefritidsordning?

JA _____ **NEI** _____

Person som skulen skal ha som kontakt m.o.t. betaling, møte og liknande. (Til vanleg er dette ein av foreldra.)

Namn: _____

Adresse: _____

Poststad: _____

Telefon: _____

Mobil: _____

E-post: _____

Elevkontingent for skuleåret 2014/2015

Ordinær elevplass: kr. 3.200,-

Ordinær elevplass - syskjen kr. 3.000,-

Gruppeundervisning: kr. 2.800,-

(Materialkostnad på inntil kr. 400,- pr. skuleår kan bli lagt til elevkontingensten ved spesielle prosjekt og liknande.
Dette vil bli varsle skriftleg i forkant av prosjekta.)

Dersom du har fleire alternativ - nummerer den prioriteringa du ønskjer. Dersom du søker opptak på fleire instrument, skriv dette på søknadsskjemaet eller som eige vedlegg.

AKTIVITET	Individuelle tilbod	SJÅ RETTLEI- INGA FOR NÆRARE INFORMA- SJON OG OM VILKÅR FOR DEI ULIKE TILBODA
<input type="checkbox"/> Piano		
<input type="checkbox"/> Song		
<input type="checkbox"/> Gitar		
<input type="checkbox"/> El-bass		
<input type="checkbox"/> Fiolin (Strykar)		
<input type="checkbox"/> Slagverk		
<input type="checkbox"/> Messing		
<input type="checkbox"/> Form&Farge		
<input type="checkbox"/> Teater		
<input type="checkbox"/> Ukulele		
<input type="checkbox"/> Dans		
<input type="checkbox"/> Karusell		
<input type="checkbox"/>		
<input type="checkbox"/> Skulekorps		
<input type="checkbox"/> Trekkspel		

For elevar som har plass i **SFO** vil vi, dersom mogleg, freiste å plassere undervisningstilboden i løpet av, eller like etter denne tida for å lette organiseringa av dagen for eleven.

Når det gjeld utleige av instrument, så har vi nokre få fiolinar i ulike storleikar for utleige.

Skriv på søknaden dersom du ønskjer å leige instrument

For søkerne som gjeld **trekkspel** og **Skulekorps** - sjå rettleiinga.

*Søknaden kan leverast på ein av skulane, ein av barnehagane, på sorvisekontoret eller sende til:
Ørskog kulturskule, Rådhushuset, 6240 ØRSKOG*

Stad/dato: _____

Underskrift: _____

Rettleiing til søkeradsskjemaet.

Generelt om val av instrument.

Ulike instrument set ulike krav til eleven. Generelt kan ein seie at born med ei normal motorisk utvikling kan ta til med instrumentalundervisning frå 8-10 års alder. På strykeinstrument kan det vere mogleg å starte tidlegare. Det viktigaste er likevel at eleven er motivert for å lære å spele eit instrument.

Undervisningsform

Vi skil mellom individuelt tilpassa undervisning og gruppeundervisning. Den individuelt tilpassa undervisninga går føre seg med 1 – 5 elevar til stades. Individuelt tilpassa undervisning er i sterk grad lagt opp etter eleven sine føresetnader. Gruppeundervisning tek sterkare omsyn til gruppa, og har ofte ein meir fastlagt årsplan. Det er ingen fast regel om kor lenge ei undervisningsøkt varer. Dette er ei vurdering kulturskulen må gjere ut frå ressursar og elevane sine forutsetningar.

Tangentinstrument: Dette er instrument som piano, orgel, synth. og keyboard. Vi stiller som krav at eleven har tilgang til instrument for øving. Vi aksepterer at ein t.d. har eit elektronisk instrument til øving mens opplæringa vil normalt vere på piano. Etter nærmere avtale med kulturskulen kan vi også gje opplæring på kyrkjeorgel.

Gitar: Vi har ulike typar som akustisk gitar, el-gitar og el-bass. til vanleg startar begynnarsopplæringa på gitar med akustisk gitar. I starten er ofte elevar saman i mindre grupper, og etter som elevane utviklar seg forskjellig vil også undervisningsforma endre seg.

Strykar: Instrumenta er fiolin, bratsj, cello og kontrabass. Utgangspunktet for opplæringa vår er fiolin. Fiolin finst i tilpassa storleikar for born.

Strykaropplæring for små born: Dersom det melder seg nok interesserte vil vi i år få i gang ei gruppe berekna for små born. (5 - 7 år) Vilkåret er at ein av dei føresette alltid møter på undervisning saman med barnet, og at vedkomande voksen også skal delta i opplæringa. Kulturskulen har instrument for utleige både for dei store og dei små. Dette er eit gruppetilbod der det berre er barnet som det blir betalt elevpengar for.

Song: Tilbod om individuell undervisning. Tilboden er eigna for elevar frå ca. 10 - 12 års alder. Dette tilboden er særleg eigna for dei som ønskjer å utvikle stemma si.

Slagverk: Vi vil primært tilby grunnopplæring for elevar som ønskjer på eit tidspunkt å spele saman med andre.

Ukulele: Ukulelen er det minste medlemmet i gitarfamilien. Den har berre fire strengar, og eignar seg godt til å ”kompe” song med. Vi ser også at ukulele kan vere eit ”forkurs” til gitarundervisning, dette vil vere eit instrument som er særleg eigna for små hender/fingre. (Vi har instrument for utleige)

Form & Farge - Form og farge er eit gruppetilbod. Nedre aldersgrense er sett til 3. klasse. Føresetnaden er interesse for formingsfag. Tilboden tek for seg ulike teknikkar innan teikning, fargebruk, keramikk og trearbeid. Avhengig av tilgang på lærarkrefter kan det frå hausten vere aktuelt også å gje tilbod innan tekstil.

Teater / drama: Dette er eit gruppetilbod til alle interesserte. Målet vårt er at undervisninga munner ut i ei forestilling ein gong i løpet av vårsemesteret. Aktiviteten og innhaldet i tilboden er avhengig av dei som melder seg på.

Messing: Dette er eit undervisningstilbod for messingblåsarar som ønskjer å lære meir på instrumentet sitt utover det tilboden dei får f.eks. i korps eller andre samspel der dei er med. Tilboden kan bli organisert som eit gruppetilbod eller eit individuelt tilpassa tilbod avhengig av søkerane.

Dans: Inneverande skuleår har vi ikkje hatt dette tilboden. Om tilboden vert sett i gang vil vere avhengig av om vi får tak i kvalifiserte lærarkrefter. Skriv kva type dans som er av interesse.

Karusell: Målgruppa er elevar i første og andre klasse. Elevane vil i dette tilboden få høve til å prøve ulike aktivitetar. Dette kan vere aktivitetar innan song, musikk, forming, teater med meir. Vi ser for oss ulike aktivitetar i løpet av skuleåret. Kva for aktivitetar vil vere avhengige av tilgangen på lokalitetar og lærarkrefter. Undervisning vil gå føre seg på fast tid kvar veke.

Skulekorps: Dette er eit tilbod for dei ønskjer opplæring for å starte i skulekorps i Ørskog. Opplæringa går føre seg i nært samarbeid med skulekorps. Ordninga til no har vore at kulturskulen organiserer og gjennomfører undervisninga medan skulekorps har den daglege kontakten med elevar og føresette.

Trekkspel: Ørskog kulturskule har ikkje eiga undervisning for trekkspel. Vi vil formidle vidare alle søkerne om trekkspelundervisning til både Ørskog og Omegn trekkspelklubb og til Ørskog trekkspelorkester. Det er då opp til desse to trekkspelmiljøa å ta kontakt med søkerane.